



Bacheloroppgåve

Kva moglegheiter og utfordringar ligg i bruk av tolk mellom tilsette i barnevernet og minoritetsspråkelege foreldre?

Which opportunities and challenges lies in the use of an interpreter between child welfare workers and minority language parents

Tiril Eilertsen

Kandidatnummer: 348

Bachelor i barnevern

Fakultet for helse- og sosialvitskap

Høgskulen på Vestlandet, avdeling Sogndal

20.05.2020

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Abstract

Purpose: The aim of this thesis is to find which opportunities and challenges that lies in the use of an interpreter between employees in child welfare and minority language parents.

Method: A literary search was done to find scientific articles that answered the issue of this thesis. This resulted in three scientific articles presenting research from Norway, England, Canada and Australia.

Result: The research shows that both opportunities and challenges can occur when using an interpreter in child welfare cases. The opportunities include the interpreter being a bridgebuilder between the child welfare worker and the minority language parent, and enhanced communication. I found that there are quite a few challenges that can occur in this type of interaction. Among these, are challenges linked to all three of the participants in the communication (social worker, client and interpreter), challenges linked to the case work process and some structural challenges.

Conclusion: Based on the findings in this thesis, it depends on the quality of the interpreter and on the given interaction how the interpreting can be most beneficial for both the social worker and the minority language parents.

Innholdsliste

| | |
|---|-----------|
| 1.0 Innleiing | 5 |
| 1.1 Problemstilling..... | 5 |
| 1.2 Avgrensing..... | 5 |
| 1.3 Omgrepsbruk..... | 6 |
| 1.4 Bakgrunn for val av tema..... | 6 |
| 1.5 Barnevernsfagleg relevans..... | 6 |
| 2.0 Om tolking i barnevernstenesta | 7 |
| 2.1 Kva er tolking?..... | 7 |
| 2.2. Ulike typar tolking..... | 8 |
| 2.3 Omfang av bruk av tolk i barnevernstenesta | 8 |
| 2.4 Lovverk..... | 8 |
| 2.5 Retningslinjer for god tolkeskikk..... | 9 |
| 2.6 Marknad for tolketenester i Noreg | 9 |
| 3.0 Metode | 10 |
| 3.1 Litteraturstudie | 11 |
| 3.2 Inklusjons- og eksklusjonskriterier..... | 11 |
| 3.3 Søkjeprosessen..... | 12 |
| 3.3.1 Forskingsartikkel 1 og 2 | 12 |
| 3.3.2 Forskingsartikkel 3 | 13 |
| 3.3.3 Anna relevant forskning på feltet | 13 |
| 4.0 Teori | 14 |
| 4.1 Konstruksjonsmodellen | 14 |
| 4.2 Dialogisk perspektiv på tolking..... | 15 |
| 4.3 Makt i sosialt arbeid | 16 |
| 5.0 Resultat | 17 |
| 5.1 Moglegheiter ved bruk av tolk..... | 18 |
| 5.1.1 Tolken som kulturell og språkleg brubyggjar | 18 |
| 5.1.2 Forbetra kommunikasjon..... | 18 |
| 5.2 Utdringar ved bruk av tolk..... | 19 |
| 5.2.1 Utdringar kring tolken | 19 |
| 5.2.2 Utdringar kring sosialarbeidaren | 21 |
| 5.2.3 Utdringar kring klienten | 21 |
| 5.2.4 Strukturelle utdringar | 22 |
| 5.2.5 Utdringar kring sakshandsamingsprosessen | 23 |
| 7.0 Diskusjon | 24 |
| 7.1 Moglegheiter ved bruk av tolk..... | 25 |
| 7.1.1 Er tolking på sitt beste meir enn å halde tolkerolla rein? | 25 |
| 7.2 Utdringar ved bruk av tolk..... | 27 |
| 7.2.1 Å halde tolkerolla rein – kan det hindre tolking på sitt verste?..... | 27 |

| | | |
|-------------|---|-----------|
| 7.2.2 | Konteksten utanfor samtalerommet – kva utfordringar skapar dei strukturelle rammene? .. | 29 |
| 7.2.3 | Er sosialarbeidarar bevisst den makta som ligg i avgjersler kring tolkebruk? | 30 |
| 8.0 | Konklusjon | 31 |
| 9.0 | Litteraturliste..... | 34 |
| 10.0 | Figurliste | 37 |

1.0 Innleiing

Innanfor norsk barnevern finn vi både etnisk norske barn og familiar, samt barn og familiar med andre etniske bakgrunnar. I 2018 var 15 538 barn og unge med barnevernstiltak innvandrarak eller norskfødde barn av innvandrarak. Dette utgjer 28%¹ av barn og unge med barnevernstiltak (Statistisk sentralbyrå, 2019a). Tilsvarande tal ser vi i statistikken for undersøkingar starta av barnevernstenesta i 2018. 27%² av alle undersøkingane i 2018 er med innvandrarak eller norskfødde barn av innvandrarak (Statistisk sentralbyrå, 2019b). At andelen barn med innvandrarakbakgrunn i barnevernet er høg, kan føre til at ein stor del av familiare som er i kontakt med barnevernet vil ha ein språkbarriere. Dette kan få store konsekvensar for familiare det gjeld. Ingen offentleg etat kan gripe så sterkt inn i den private familiesfæren som det barnevernet kan. Det er difor naudsynt for å ivareta rettstryggleiken i barnevernssaker, at begge partar får uttalt seg og at dei vert forstått (IMDi, 2008). For å kunne leggje til rette for dette må ein ta høgde for at familiar med andre morsmål enn norsk, kan vere i behov for tolk. Rettstryggleiken avhenger ikkje berre på om tolk vert nytta eller ikkje, men også på korleis tolkinga påverkar kommunikasjonen.

1.1 Problemstilling

Eg har vald å formulere mi problemstilling som følgjande: «Kva moglegheiter og utfordringar ligg i bruk av tolk mellom tilsette i barnevernet og minoritetsspråkelege foreldre?»

1.2 Avgrensing

I oppgåva vil eg ta føre meg tolking i barnevernstenesta, med fokus på korleis sosialarbeidarar og minoritetsspråkelege foreldre opplever bruk av tolk. Eg ynskjer berre forskning basert på barnevernstenester, og vil dermed ikkje inkludere forskning basert på andre instansar. Eg har heller ikkje inkludert forskning kring bruk av tolk med barn i barnevernet, då dette blei for omfattande i høve ramma for denne oppgåva.

¹ Mi utreking av tal frå SSB ved tabell 11298: Barn og unge med barnevernstiltak i løpet av året og per 31.12., etter innvandringskategori, landbakgrunn, omsorgs-/hjelpetiltak, alder og kjønn 2013-2018..

² Mi utreking av tal frå SSB ved tabell 11296: Undersøkingar starta av barnevernet og barn med undersøking starta, etter innvandringskategori, landbakgrunn, alder og kjønn 2013-2018.

1.3 Omgrepsbruk

I denne oppgåva har eg vald å bruke omgrepet sosialarbeidar som eit felles omgrep for alle som jobbar i barnevernet. Dette for å gjere det meir oversiktleg når ein les. Om den andre deltakaren i samhandlinga, som eg i problemstillinga vel å kalle «minoritetsspråkelege foreldre», vel eg å variere i omgrepa. Omgrepa eg nytter er «foreldre», «klient», «familie», «mor» og «far» alt etter korleis det passar seg i teksten. I oppgåva skal deltakaren i samhandling med sosialarbeidaren alltid framstå som minoritetsspråkeleg, uavhengig av kva omgrep som vert nytta. I følgje NOU 2010:7 er minoritetsspråkelege anten barn, unge eller vaksne som har eit anna morsmål enn majoritetsspråket, det vil sei anten norsk eller samisk (NOU, 2010:7). I oppgåva vert det nytta studie frå fleire land, og foreldra vert då definert som minoritetsspråkeleg når dei ikkje kan majoritetsspråket i det landet dei finn seg i.

1.4 Bakgrunn for val av tema

I mi praksisperiode i barnevernstenesta fekk eg mykje erfaring med bruk av tolk. Her såg eg både dei moglegheitene og utfordringane bruk av tolk førte med seg. I samtale med familiar som ikkje kunne norsk i det heile, var tolk heilt naudsynt for å kunne kommunisere. I nokre samtalar fungerte tolk svært godt, utan hindringar eller stopp i kommunikasjonen. Bruk av tolk førte til at den andre parten både forstod informasjonen dei fekk, og spørsmål som vart stilt. Samstundes var tolken også naudsynt for å få viktig informasjon frå den andre parten om relevante høve i saka. I andre samtalar hadde vi store utfordringar, både med kvaliteten på tolkinga, at klienten ikkje kjende seg trygg på tolken, samt ein oppfatning av at ikkje alt som vart sagt blei tolka vidare. Kommunikasjonen mellom sosialarbeidar og klient er grunnleggjande for arbeidet i ei barnevernssak, og kan i stor grad verte påverka i ulike retningar ved bruk av tolk. Etter mi praksisperiode ynskja eg difor å tileigne meg meir kunnskap kring bruk av tolk i barnevernstenesta.

1.5 Barnevernsfagleg relevans

Eg opplever at bruk av tolk i barnevernstenesta er eit svært relevant tema for meg som barnevernsstudent. I barnevernsarbeid tek ein avgjersler som i stor grad påverkar andre sitt liv. Vi må difor ha naudsynt informasjon å byggje desse avgjerslene på. Fylkesnes og Netland (2012) finn i sin studie at å gje informasjon på

ein open og forståeleg måte er ein av dei grunnleggjande faktorane for godt samarbeid mellom sosialarbeidarar og foreldre med etnisk minoritetsbakgrunn. I møte med minoritetsspråkelege klientar må vi difor kunne leggje til rette for at både inngåande og utgåande informasjon er på eit språk dei beherskar. I praksis vert dette gjort ved å nytte tolk. Bruk av tolk vert difor ein sentral faktor i samarbeidet mellom barnevernstenesta og minoritetsspråkelege familiar. Det er difor hensiktsmessig at eg som barnevernsstudent kjenner til dei moglegheitene og utfordringane som ligg i bruken av tolk.

2.0 Om tolking i barnevernstenesta

Det vil vere hensiktsmessig å presentere noko kunnskap kring tolking i barnevernstenesta for å belyse mi oppgåve. Fleire av desse punkta er svært interessante opp mot dei forskingsbidraga eg har funne, og vil difor òg verte brukt i diskusjonsdelen av oppgåva.

2.1 Kva er tolking?

De finst mange ulike definisjonar av tolking. Apeland (2002), gjengitt i Jareg & Pettersen (2006) definerer tolking slik:

«En mest mulig trofast overføring av budskapet mellom mennesker som mangler et felles språk» (Jareg & Pettersen, 2006, s. 24) Tolken dekodeer ei ytring på eit språk for så å rekode ytringa på eit anna språk. Det som tolkast skal vere mest mogleg likeverdig med budskapen i den originale ytringa (Jareg & Pettersen, 2006)

I oppgåva vert det skild mellom kvalifiserte og ukvalifiserte/ufaglærte tolkar. Ein er ikkje heilt einige om kva ein kvalifisert tolk er, til tross for at det finst ein offisiell definisjon fastsatt av myndigheitene. Den seier at ein kvalifisert tolk er ein tolk med dokumenterte tolkefaglege kvalifikasjonar som kvalifiserer for oppføring i Nasjonalt tolkeregister. Dette vil sei statsautoriserte tolkar, tolkar med tolkeutdanning eller tospråk-testen og kurs i tolkens ansvarsområde (TAO). Ikkje alle aktørar er einige i, eller kjenner til denne definisjonen. (IMDi, 2019).

2.2. Ulike typar tolking

Det finst fleire ulike typar tolking. I denne oppgåva er det i hovudsak fokus på oppmøtetolk, men telefontolk vert også nemnd ved nokre høve. Oppmøtetolk er den typen tolking som praktiserast mest i offentleg tenesteyting. I praksis vert denne typen tolking i barnevernstenesta utført ved at tolken er fysisk til stades i samtalen med klient og sosialarbeidaren. Tolken tolkar fram og tilbake mellom sosialarbeidar og klient, gjerne med eit par setningar om gongen. Ei anna form for tolking er der tolken ikkje er fysisk til stades i samtalen med klient og sosialarbeidar, men tolkar via telefon. Denne typen tolking er vanleg i Noreg, og er nyttig ettersom reiseavstandane fort kan bli lange (Jareg & Pettersen, 2006).

2.3 Omfang av bruk av tolk i barnevernstenesta

I IMDi-rapporten «Bruk av tolk i barnevernstjenesten» frå 2008 kjem det fram at 15 prosent av dei spurte sosialarbeidarane er avhengig av tolk i halvparten eller meir av sine samtalar. Det er ikkje publisert noko nyare tal på statistikk over bruk av tolk i barnevernstenesta. Då denne rapporten er 12 år gammal, kan dette talet ha endra seg. I statistikken ligg det ute tal frå 2013 til 2018 i høve hjelpetiltak for barn og unge med innvandrarbakgrunn. Hjelpetiltak hjå barn og unge med innvandrarbakgrunn auka frå 12 677 til 15 538 frå 2013 til 2018 (Statistisk sentralbyrå, 2019a). Det kan tenkast at auken er enda større frå 2008 til 2018 då det største innvandrartalet kom i 2011 med rett i underkant av 80 000 innvandrar på eit år (Statistisk sentralbyrå, 2020). Det er difor føringar i statistikken på at behovet for tolk i barnevernstenesta er enda høgare i dag, enn i 2008.

2.4 Lovverk

Bruk av tolk er per i dag ikkje regulert i ei eiga lov. Likevel finst det bestemningar i særlovgivinga som implisitt kan medføre rett eller plikt til bruk av tolk. Forvaltingslova inneheld bestemningar som kan medføre ei plikt for barnevernstenesta til å bruke tolk. I forvaltingslova § 17 *forvaltningsorganets utrednings- og informasjonsplikt* kjem det fram at offentlege tenesteutøvarar og fagpersonar har plikt til å informere, rettleie og høyre partane før det fattast vedtak i ei sak. Saka skal vere så godt opplyst som mogleg før ei slutning kan tas. Vidare har også forvaltningsorgan ei alminneleg rettleiingsplikt, etter forvaltingslova § 11. For at barnevernstenesta skal kunne

oppfylle plikta til å informere, rettleie og høyre partane før det fattast vedtak i ei sak vil det dermed kunne innebære at barnevernstenesta må bruke tolk (IMDi, 2018).

Grunna at lovverket som gjeld bruk av tolk er fragmentert og kan oppfattast ulikt, har regjeringa satt i gang utarbeiding av ny tolkelov. Formålet med lova er å tydeleggjere offentlege tenesteytarar si plikt til å sikre god kommunikasjon, samt å sikre at rettstryggleik og likeverd vert ivareteke i saker som gjeld liv og helse. Arbeid med denne lova tek utgangspunkt i anbefaling frå NOU 2014:8 *Tolking i offentlig sektor – et spørsmål om rettsikkerhet og likeverd*, som er eit dokument eg vil nytte i diskusjonsdelen av oppgåva (IMDi, 2018).

2.5 Retningslinjer for god tolkeskikk

Dei yrkesetiske retningslinjene for tolk er frå Kommunal- og regionaldepartementet. Reglane gjeld fyrst og fremst for statsautoriserte tolkar, men bør vere retningsgivande for alle som tek på seg tolkeoppdrag for det offentlege (Jareg & Pettersen, 2006). Her seg vi dømme på dei strukturelle utfordringane kring tolkefeltet ved at det berre er dei statsautoriserte tolkane som har desse reglane som gjeldande for sine oppdrag, medan tolkar utan statsautorisasjon ikkje er pliktige til å følge desse.

Reglane består av ni paragrafar som tek føre seg bestemmingar for tolkerolla. Det er laga ein kortversjon av reglane som dei statsautoriserte tolkane presenterer på begge språk i starten av eit oppdrag. Ein kortversjon av tolkereglane er: Tolken er upartisk. Tolken skal omsetje alt som vert sagt. Tolken har teieplikt. Tolken skal ikkje utføre andre oppgåver enn å tolke. Tolken riv i stykk notat etter samtalen (Jareg & Pettersen, 2006).

2.6 Marknad for tolketenester i Noreg

Marknaden for tolketenester er interessant å studere når vi tek føre oss tolking i barnevernstenesta, då denne regulerer kva tolketenester som finst for barnevernstenestene å nytte seg av.

Marknaden for tolketenester i Noreg har ein del spesielle rammevilkår for kjøp av tolketenester. Desse er mellom anna at tolkemarknaden er liten og kompleks, etterspørjarane av tolketenester er svært ulike, det finst ikkje minstelønn eller lønnsregulativ for tolkar, det er mangel på kvalifiserte tolkar, samt at det ikkje er full einigheit om kva ein kvalifisert tolk er (IMDi, 2019).

Ettersom det ikkje fins noko spesifikk lov knytt til tolking, er det rettslege grunnlaget for tolkefeltet i Noreg er svakt. Svak lovheimel gjer at ein ikkje har kontroll over kven som kan kalle seg tolk eller tilby tolketenester. Fleire tolkefirma verken krev eller oppgir kva kvalifikasjonar tolken har. Dette gjer det vanskeleg for tolkebrukarar, som barnevernstenesta, å velje passande tolk til sine samtalar. Dei seinare åra har òg mange private aktørar etablert seg på marknaden. Dei private aktørane fyller eit behov for tolketenestar, men gjer det utfordrande for tolkebrukarar å få informasjon kring tolken sin kvalifikasjonar (Berg, Caspersen, Garvik, Paulsen & Svendsen, 2018).

Kommunesektoren er den største brukaren av tolketenester. Kommunalt barnevern fell inn under denne sektoren (IMDi, 2019). 80% av kommunane har avtale med ein privat formidlar, altså private verksemder som levere tolketenester. Det er store forskjellar mellom dei offentlege og private formidlarane når det kjem til bruk av ufaglært tolk. Private formidlarar, som er det kommunale barnevernstenester i størst grad nyttar, gjennomfører 71 prosent av sine oppdrag med ufaglært tolk. Tilsvarende del for offentlege verksemder med eigen formidling er 3 prosent og 35 prosent for kommunale formidlarar (IMDi, 2019) Vi ser altså at bruk av ufaglærte tolkar er klart høgast hjå private formidlarar.

3.0 Metode

I følgje Dalland (2012) er metode ein reiskap vi nyttar når vi skal undersøkje og forsøke å finne svar på problemstillinga vår. Metoden hjalp oss til å samle inn data slik at vi kan svare på spørsmåla vi stiller oss på ein fagleg og god måte (Dalland, 2012).

3.1 Litteraturstudie

I arbeid med denne oppgåva har eg nytta litteraturstudie som reiskap for å belyse mitt tema og svare på mi problemstilling. I ein litteraturstudie studerer ein den litteraturen som finst. Det vil sei det som allereie er undersøkt og skrevet om røyndommen av artikkelforfattarar. I denne oppgåva skal eg systematisere den tidlegare kunnskapen. Sjølv om oppgåva ikkje skapar ny kunnskap, kan det vekse fram ny forståing ved å samanlikne funn frå forskjellige forskingsartiklar. Når ein systematiserer kunnskap vil det sei at ein søker, samlar, vurderer og samanfattar tidlegare kunnskap. Det er viktig at eg vel forskning som er relevant i høve mi problemstilling (Støren, 2013). Etter å ha gjort søk i ulike søkemotorar ser eg at det finst tilstrekkeleg forskning på feltet til å gjennomføre eit litteraturstudie som svarer på mi problemstilling. Forskingsartiklane eg har funne vil eg drøfte opp mot kunnskap kring tolkefeltet frå 2.0 *Om tolking i barnevernstenesta*, kommunikasjonsteori og teori om makt i sosialt arbeid.

3.2 Inklusjons- og eksklusjonskriterier

Etter å ha søkt ein del i ulike søkemotorar, samt studert litteraturlister i artiklar på feltet, har eg fått eit godt bilete av kva som finst av forskning i høve bruk av tolk i barnevernstenesta. Eg har vald ut nokre inklusjons- og eksklusjonskriterier som har vore rådande for kva forskingsartiklar eg har vald å ta med i oppgåve.

Inklusjonskriterier vil sei dei krava som må vere oppfylt for at eg tek i bruk i ein artikkel (Støren, 2013). Eit av dei viktigaste krava for forskinga i høve denne oppgåva, er at konteksten for studien er arbeid i barnevernsteneste. Det finst ein del litteratur om tolking innanfor andre relevante institusjonar, men for å belyse mi oppgåve på ein best mogleg måte ynskjer eg berre studiar som tek føre seg tolking i barnevernstenesta. Ettersom det kjem ny forskning kontinuerlig, ynskjer eg forskning frå dei siste ti åra. Dette for å sikre at forskinga mi framleis er relevant (Dalland, 2012). Vidare ynskjer eg at artiklane skal vere skriven på engelsk eller skandinavisk, slik at eg kan vere trygg på at eg har forstått budskapet i artikkelen. For å vete at forskinga eg nyttar meg av både er samanliknbar og har høge krav til kvalitet har eg vald å berre nytte meg av forskingsartiklar som føl IMRaD-strukturen og er fagfellevurdert.

Tabell 1: Inklusjons- og eksklusjonskriterier.

| | Inklusjonskriterier | Eksklusjonskriterier |
|------------------------|--|--|
| Konteksten for studien | Konteksten for studien er arbeid i barnevernsteneste | Konteksten for studien er arbeid i andre instansar |
| Språk | Engelsk eller skandinavisk | Ikkje engelsk eller skandinavisk |
| Publikasjonsår | 2010-2020 | Før 2010 |
| Artikkeltype | Forskningsartikkel | Ikkje forskningsartikkel |
| Oppsett | Føl IMRaD-strukturen | Utanom IMRaD-strukturen |
| Kvalitetssikring | Fagfelleverdert | Ikkje fagfelleverdert |

3.3 Søkjeprosessen

For å finne relevante forskningsartiklar til litteraturstudien har eg brukt både Oria, Academic Search Elite og Google Scholar. Oria er hovudsøkjemotoren til HVL, og Academic Search Elite og Google Scholar ligg som fagressurs for helse- og sosialfag på HVL sine sider. Eg har også fått Academic Search Elite anbefalt av biblioteket på skulen. Eg ser difor desse som pålitelege søkjemotorar.

Eg fann to forskningsartiklar eg ynskja å bruke ved å søkje i Academic Search Elite, samt ein forskningsartikkel ved hjelp av «snøballmetoden». Likevel fortsette eg å søkje i både Oria og Academic Search Elite med ulike søkjeord på norsk og engelsk for å sikre at eg ikkje hadde oversett anna relevant litteratur på feltet.

3.3.1 Forskningsartikkel 1 og 2

Mine to første artiklar fann eg i Academic Search Elite ved bruk av søkjeorda interpreter AND child protection. Eg avgrensa til dokumenttypen artikkel, publikasjonsdato mellom januar 2010 og mars 2020 og engelskspråkelege artiklar. Søket gav 10 treff, og eg valde artikkel nummer 1 og 4.

Den første artikkelen er «Trial and error: attending to language barriers in child welfare service provision from the perspective of frontline workers» (Maiter, Alaggia,

Chan & Leslie, 2017). Artikkelen utforskar sosialarbeidarar i Canada si erfaring med å tilby tenester til klientar med begrensa engelskferdigheiter. Det deltok 30 sosialarbeidarar i studien, fordelt på to ulike provinsar i Canada. Den eine er ei barnevernsteneste i Toronto i Ontario, medan den andre er ei barnevernsteneste i Abbotsford i British Columbia (Maiter, et al., 2017).

Den andre artikkelen eg valde er «How effective do families of non-English-speaking background (NESB) and child protecting caseworkers in Australia see the use of interpreters? A qualitative study to help inform good principles» (Sawrikar, 2015). Artikkelen har som mål å finne kva som er god praksis med tolk i barnevernssaker i Australia. Det deltok 29 klientfamiliar utan engelskspråkeleg bakgrunn og 17 sosialarbeidarar i studien (Sawrikar, 2015).

3.3.2 Forskingsartikkel 3

Den siste artikkelen min fann eg ved hjelp av «snøballmetoden». I startfasen av oppgåveskrivinga las eg ein del artiklar om etniske minoritetar i barnevernet. I desse artiklane var det spesielt ein artikkel som ofte vart sitert, og som viste seg å passe godt til mi oppgåve. Artikkelen er «Lost in Translation: How Child Welfare Workers In Norway and England Experience Language Difficulties when Working with Minority Ethnic Families» (Kriz & Skivenes, 2010). Artikkelen tek føre seg utfordringane sosialarbeidarar i barnevernstenester i Noreg og England opplever i arbeid med etniske minoritetar som ikkje kan landet sitt språk. Med i studien var 28 norske og 25 engelske sosialarbeidarar. I følge Google Scholar er artikkelen sitert 57 gonger, blant anna i «God praksis i møte med etniske minoritetsfamiliar i barnevernet: saksbehandlarar og foreldres erfaringar» (Fylkesnes & Netland, 2012), der eg fann den.

3.3.3 Anna relevant forskning på feltet

Det finst relativt lite forskning som tek føre seg tolking i barnevernstenesta som hovudtema. Det skal nemnast at utanom dei tre artiklane eg har vald ut, finn vi ein relevant bidragsytar til. Dette er Chand (2005) med artikkelen «Do You Speak English? Language Barriers in Child Protection Social Work with Minority Ethnic Families». Eg vel å ekskludere denne artikkelen grunna publikasjonsår, samt at dei


tre artiklane eg allereie har gir ein utfyllande resultatdel som eg meiner svarer på mi problemstilling. Eg ser det likevel som hensiktsmessig å nemne Chand (2005) for å gje eit klarare bilete av forskingsfeltet.

4.0 Teori

Eg ynskjer i dette kapitlet å presentere teori som eg finn hensiktsmessig å seinare diskutere i tilknytning til dei forskingsbidraga eg har funne. Eg vil ta føre meg konstruksjonsmodellen, dialogisk perspektiv på tolking og maktaspektet i sosialt arbeid.

4.1 Konstruksjonsmodellen

I denne oppgåva vil konstruksjonsmodellen vere ein hensiktsmessig kommunikasjonsteori å diskutere forskinga med. Dette grunna at konstruksjonsmodellen er utforma for å belyse korleis tolkeleddet av samtalen kan påverke kommunikasjonen.



Figur 1. «Konstruksjonsmodellen», 2007, av Ørvig.

(<https://munin.uit.no/bitstream/handle/10037/1229/thesis.pdf?sequence=1&isAllowed=y>)

Konstruksjonsmodellen (Ørvig, 2007) har som mål å vere ein utvida variant av den tradisjonelle kommunikasjonsmodellen. Den tradisjonelle kommunikasjonsmodellen (Goffmann, 1981; Rommetveit, 1972) tek utgangspunkt i mest mogleg presis og eintydig koding, dekodning og rekoding mellom to aktørar – ein sendar og ein mottakar (Ørvig, 2009). Konstruksjonsmodellen er presentert med tre deltakarar, ettersom modellen er basert på samtalar ved bruk av tolk. Deltakarane er sosialarbeidar, tolk og klient, som også vert presentert med ulik sosial og kulturell bakgrunn. Modellen tek utgangspunkt i at klient og sosialarbeidarar har store vanskar og/eller ingen moglegheit til å forstå kvarandre. Dersom sosialarbeidar og klient skulle vere sender og mottakar, vert ikkje koding, dekodning og rekoding mogleg. Difor skal ein tredjeperson, ein tolk, kode, dekode og rekode. Tolken vert vekselvis sendar og mottakar mellom klient og sosialarbeidar. Bodskapen vert først koda og dekoda mellom ein av deltakarane (til dømes sosialarbeidaren) og tolken. Vidare vert denne bodskapen rekoda og dekoda mellom tolken og den andre deltakaren (til dømes klienten) (Ørvig, 2009).

Modellen gir oss eit bilete på korleis samtalen mellom sosialarbeidar og klient kan vere avhengig av ein tredjepart for at bodskapen skal sendast og mottakas på ein forståeleg måte for både klient og sosialarbeidar. Vidare presenterer modellen også dei faktorane som kan vere med å påverke samtalen både i positiv og negativ retning, nemleg sosial og kulturell bakgrunn. I samtalen mellom klient og sosialarbeidar vil kommunikasjonen alltid vere prega av deira bakgrunn. I dette tilfellet må ein gjennom eit ekstra ledd, tolken. Tolken si bakgrunn kan også spele inn i samtalen. Bodskapen går då gjennom tre individ, alle med ulik bakgrunn. Dette kan utfordre målet om presis og eintydig koding, dekodning og rekoding (Ørvig, 2009).

4.2 Dialogisk perspektiv på tolking

Ein interessant innfallsvinkel i denne oppgåva vil vere å sjå på tolking med eit dialogisk perspektiv. Dette er grunna at i kontrast til konstruksjonsmodellen der målet er mest mogleg presis overføring av bodskap (Ørvig, 2007), ser det dialogiske perspektivet kommunikasjon med tolk som samproduksjon av mening der både sosialarbeidar, klient og tolk bidreg aktivt (Kjelaas & Eide, 2015). Bidragsytarar til dialogismen er Bakthin (1981), Rommetveit (1990) og Linell (2009) (Kjelaas & Eide,

2015). Dialogismen ser på kommunikasjon som andreorientert, og avvisar synet på kommunikasjon som einvegs og direkte overføring av individuelle, ferdigtenkte og ferdigformulerte budskap frå sender A til mottakar B (Kjelaas & Eide, 2015). I staden ser dialogismen kommunikasjon som handling og samhandling, der aktørane skapar meining i fellesskap. Dette gjeld også i kommunikasjon med bruk av tolk. Ein ser då ikkje kommunikasjon som direkte overføring av meining frå A til B via tolken C, men i staden som samproduksjon av meining der både deltakar A, B og C bidreg aktivt (Kjelaas & Eide, 2015).

Språket vert sett som mangetydig, dynamisk og kontekstavhengig, og får si meining når det vert tatt i bruk og fortolka av deltakrane i ei bestemt samtale, situasjon eller kontekst. Tolken sine bidrag i samtalen vil gå inn i ei kjede av ytringar, og vert fortolka i lys av det som er kommunisert før og kommunisert etterpå (Kjelaas & Eide, 2015). Cecilia Wadensjö (1998) beskriv tolkemedierte samtalar i eit dialogisk perspektiv som ein *pas de trois* – ein dans med tre dansarar – der tolken har ei meir eller mindre aktiv rolle avhengig av dei andre deltakarane sine bidrag (Kjelaas & Eide, 2015).

Wadensjö held fast at tolken har som oppgåve både å tolke og koordinere samtalen. Tolken skal ha fokus på det som vert sagt og tolke dette, samstundes som tolken skal vere merksam på det nonverbale. Vidare skal tolken både ha fokus på det språklege, men også på det interaksjonelle. Språkkunnskap i seg sjølv er altså ikkje tilstrekkeleg for å tolke på ein god måte (Kjelaas & Eide, 2015).

4.3 Makt i sosialt arbeid

Grunna det samfunnsmandatet barnevernstenesta har, ynskjer eg å belyse at det i denne instansen finst eit maktaspekt som er større enn i mange andre instansar. Barnevernstenesta har mandat til å utføre meir inngripande tiltak i ein familie enn til dømes skule, barnehage, flyktingteneste m.m. Eg ser det difor som naudsynt å ha med eit teoretisk perspektiv på makt i denne oppgåva.

Skau (2013) hevdar makt er til stades i alle relasjonar mellom klient og hjelpar. Vidare formidlar ho at makt er naudsynt dersom ein skal hjelpe, og at «Den «gode

hjelper» er ingen avmektig og hjelpeløs person» (Skau, 2013, s. 32). Likevel er det openbart at bruk og misbruk av makt kan føre til skade. Nokre gonger kan også maktbruken ende opp med å skade, sjølv om den var meint som hjelp. Det vert difor avgjerande på kva måte makta kjem til uttrykk, og kva verkande dette får for partane. Det er naudsynt at profesjonelle erkjenner maktaspektet i deira yrkesrolle, slik at dei kan forstå kva betydning dette vil få i relasjonen mellom dei sjølv og deira klientar (Skau, 2013).

Ein anna faktor som må takast omsyn til i forholdet mellom klient og sosialarbeidar, er språk. Schifloe (2011) hevder at språkelege ferdigheiter og språkleg dominans kan vere ein maktfaktor, både i forholdet mellom enkeltaktørar, men også når det gjeld moglegheiter til å påverke slutningar. I samtalar der klienten sin norskkunnskap er fråverande eller låg, kan dette maktaspektet verte enda større. Ulvestad og Kaerki (2012) hevdar at «Språket er ikke bare et viktig middel for kontakt mennesker imellom, men er selve grunnlaget for maktforhold i sosiale relasjoner» (Skau, 2013, s. 54) Det er sosialarbeidarane sine ord og formuleringar som vert skrivne ned i offisielle, viktige samanhengar, samt deira fortolkingar som vert skriven ned i journalar og rapportar (Skau, 2013). Som ein ekstra belastning for minoritetsspråkelege klientar er desse formene for dokumentasjon på eit språk dei ikkje er tryggje på.

5.0 Resultat

I dette kapitlet vil eg presentere funn frå dei ulike forskingsartiklane. Etter å ha analysert og tolka dei ulike funna, har eg kome fram til kategoriar på tvers av artiklane. For meg vart akkurat desse kategoriane naturlege å bruke, då eg ser dei som svarande på mi problemstilling. Eg har delt kapitlet inn i to hovudkategoriar: Moglegheiter ved bruk av tolk og utfordringar ved bruk av tolk. Kvar hovudkategori er igjen delt inn i delkategoriar.

5.1 Moglegheiter ved bruk av tolk

5.1.1 Tolken som kulturell og språkleg brubyggjar

Den canadiske studien til Maiter, et al. (2017) finn at tolken vert oppfatta som brubyggjarar i høve den effektive kommunikasjonen mellom klient og sosialarbeidar. Tolken bidreg til kommunikasjon mellom klient og sosialarbeidar, og vert dermed naudsyn for at barnevernet kan fullføre sine vurderingar i ei sak (Maiter, et al., 2017). Tolken vert også sett på som ein kulturell brubyggjar mellom sosialarbeidar og klient, ved at tolken gjer det enklare å forstå kulturelle forskjellar. Informasjon om kulturelle normer og familiedynamikk i eit land eller miljø er døme på høve tolken kan hjelpe å belyse for sosialarbeidaren. Ein sosialarbeidar fortel at å nytte tolk som har same forståinga eller kjem frå det same området som klienten, bidreg til ei betre forståing av kvar klienten kjem ifrå, og av klienten sitt verdsperspektiv. Det at tolken har same kulturelle bakgrunn som klienten viser seg for nokre klientar å vere ein faktor som gjer det lettare å samhandle. Å nytte tolk med same kulturelle bakgrunn som klienten kan vere med å sikre klientkomfort, og vere med å tryggje klienten i samtale med barnevernstenesta (Maiter, et al., 2017).

Liknande funn kjem fram i den australske studien til Sawrikar (2015). Ein sosialarbeidar i studien formidlar at ho tykkjer det er fint når ein tolk seier: «Familien forstår verkeleg ikkje kva du snakkar om, og dette ordet er ikkje kjent på vårt språk. Kan vi prøve eit anna ord?» (Mi omsetjing, Sawrikar, 2015, s. 401). Vidare finn studien at tolken kan tilby tilleggskunnskap som er nyttig for saksbehandlaren, men at det bør avgrensast kor mykje tolken vert nytta til dette formålet. Dersom tolken ynskjer å gje ytterlegare informasjon bør det vere å avklare spørsmål og svar, og dette bør diskuterast med sosialarbeidaren (Sawrikar, 2015).

5.1.2 Forbetra kommunikasjon

I Maiter, et al. (2017) kjem det fram at å nytte tolk gjer at klienten lettare kan engasjere seg, og er meir trygg på seg sjølv i samtalen. I situasjonar der klienten kan føle seg makteslaus og ute av stand til å ytre si bekymring, kan tolken bidra til meningsfull kommunikasjon (Maiter, et al., 2017). Vidare poengterer studien kor viktig det er å kommunisere på sitt fyrstespråk, og at dette hjelper

minoritetsspråkelege klientar til å kommunisere meir effektivt (Maiter, et al, 2017). Like eins finn Sawrikar (2015) at ein forelder fortel at han opplever tolk som noko veldig positivt, grunna at tolken kan fortele vidare det han seier. Det vert poengtert at ein god tolk òg kan forbetre kommunikasjonen ved å halde kontroll over samtalen, spesielt dersom det er mange til stades (Sawrikar, 2015). Ein sosialarbeidar formidlar at klienten ofte kjenner det er betre å uttrykke seg på sitt primære språk. Det kjem ut meir informasjon då, enn på engelsk når dei ikkje har alle orda. Fleire sosialarbeidarar opplever at klientar som har vanskar med å forstå engelsk, overvurderer kor mykje dei får med seg av det sosialarbeidaren seier. Sosialarbeidarane formidlar at i saker der klienten ikkje vil erkjenne at dei har behov for tolk, risikerer både klienten og sosialarbeidaren å bli misforstått (Maiter, et al., 2017).

5.2 Utfordringar ved bruk av tolk

5.2.1 Utfordringar kring tolken

5.2.1.1. Utfordringar kring kvaliteten på tolkinga

Maiter et al. (2017) finn at bekymring kring tolkinga si kvalitet inkluderer urette eller ufullstendige omsetjingar, ikkje ha ord for visse omgrep i språket, misforståingar og dialektforskjellar. Bekymringane kjem av at sosialarbeidarar opplever å stille lange spørsmål, men berre få eit kort svar, eller at klienten kjem med ein lang uttale og tolken berre seier eit par ord når han/ho tolkar det tilbake til sosialarbeidaren. Familiemedlem som har litt kunnskap i engelsk har også gjeve uttrykk for at dei ikkje vert forstått av tolken. Sosialarbeidarar i studien er bekymra for at feilkommunikasjon av viktig informasjon kan føre til feilbehandling av saker. Kriz og Skivenes (2010) tek føre seg dei same utfordringane. Ein sosialarbeidar i studien påpeikar at det er frustrerende når ein forelder snakkar i fem minutt og tolken berre sumerar det med eit enkelt ord. Sosialarbeidaren formidlar at ho vil vete alt forelderen har sagt, slik at ho betre kan forstå forelderen sin situasjon. Dette tyder på at tolking i seg sjølv kan gje informasjons- og kommunikasjonshol dersom tolken ikkje tolkar informasjonen rett eller fullstendig. Kommunikasjon som er feil og/eller ufullstendig kan også vere ein

barriere til god relasjonsbygging mellom sosialarbeidaren og familien (Kriz & Skivenes, 2010).

I Sawrikar (2015) kjem det fram at å tolke informasjon nøyaktig og fullstendig i sensitive saker som barnevern, også er viktig for deltakarane i deira studie. Tre av foreldra i studien formidlar at unøyaktig omsetjing er noko dei opplever som utfordrande i kommunikasjonen. To av sosialarbeidarane opplever det same. Sosialarbeidarane forklarar vidare at tolken ikkje alltid kan engelsk på eit slik nivå som er naudsynt i barnevernssaker. Både foreldra og sosialarbeidarane formidlar at ufullstendig omsetjing kan føre til utfordringar. Foreldra formidlar at ufullstendig omsetjing går ut over evna til å formidle komplekse kjensler. Sosialarbeidarane formidlar det også kan gå utover evna til å formidle kompleksiteten i barnevernets praksis, lovverk og retningslinjer til klienten. Diverre er det ikkje alltid slike problem vert avverja, og sannsynligvis er et avhengig av kvaliteten på tolken (Sawrikar, 2015).

5.2.1.2 Tolken har for lite kunnskap om barnevernet

Nokre av informantane i Sawrikar (2015) finn at ei barriere for god tolkepraksis er dersom tolken ikkje har god nok kunnskap om barnevernet. Ein sosialarbeidar påpeikar at ho ikkje trur tolkar får noko spesifikk opplæring i å tolke i barnevernssaker. Vidare føreslår sosialarbeidaren at barnevernsleiaren og sosialarbeidarane bør lære opp tolkar i kva ein kan møte på når ein har tolkeoppdrag hjå barnevernet. Dette kan vere alt frå rus, vald, seksuelle overgrep o.l. Ein anna sosialarbeidar formidlar at ein bør forberede tolken på kva samtalen tolken skal vere med i skal dreie seg om, samt kva tema ein skal ta opp slik at tolken er forberedt dersom ein snakkar om tema tolken sjølv vert rørt av (Sawrikar, 2015).

Sosialarbeidarane i Kriz og Skivenes (2010) påpeikar at sjølv om ein nyttar tolk som har erfaring med å tolke i barnevernssaker, kan ting gå seg vill i omsetjinga. Dersom tolken ikkje er skikkeleg lært opp i sosialt arbeid og ikkje kjenner barnevernet sin terminologi, er det ikkje sikkert tolken forstår kva sosialarbeideren prøver å formidle, og kan difor ikkje gje den nøyaktige informasjonen vidare til foreldre og barn. Dette avhenger av kor god tolken er. I tillegg kan byrjinga av setningar eller anna forsvinne fordi tolken ikkje tolkar ordrett (Kriz & Skivenes, 2010).

5.2.2 Utfordringar kring sosialarbeidaren

5.2.2.1 Ikkje nok tid til å bruke tolk

I Sawrikar (2015) kjem det fram at det er utfordringar kring tidsbruk i saker der ein treng tolk. Ein sosialarbeidar fortel at alt tek dobbelt så lang tid når ein nyttar tolk. Ei sak med tolk kan utgjere same arbeidsmengde som to saker utan tolk. Ein anna sosialarbeidar formidlar at ein ofte må ha samtale med foreldra fleire gonger for å få tak i problema når ein nyttar tolk. Som eit resultat av den auka arbeidsmengda vert det ofte til at ein har mindre og kortare samtalar med desse familiane, noko som kan føre til at ein ikkje kjem til botn i problema. Ein sosialarbeidar formidlar at ho trur ein ikkje nyttar tolk så mykje som ein bør, grunna utfordringane i høve tidsbruk (Sawrikar, 2015).

5.2.2.2 Ingen opplæring i korleis ein jobbar med tolk

Maiter et al. (2017) finn at mangel på opplæring i bruk av tolk vert sett på som ein stor utfordring for sosialarbeidarane i studien. Sosialarbeidarane formidlar at dei aldri har hatt noko opplæring i bruk av tolk, og at dei sjølv har måtta lært seg underveis. Dei meiner det er mogleg at dette har gått utover kommunikasjonskvaliteten i samtalar med klientar, då det har verte til at sosialarbeidarane har måtta prøvd og feila for å finne ut korleis ein nyttar tolk på ein best mogleg måte. Det er også uklarheit kring policy og prosedyrar for bruk av tolk, til dømes kven sitt ansvar det er å vurdere om ein klient har behov for tolk, kven som skal kontakte tolk, i kva møter ein skal nytte tolk o.l. (Maiter et al., 2017).

5.2.3 Utfordringar kring klienten

5.2.3.1 Klienten kan kjenne seg utrygg på tolken

Nokre av informantane til Kriz og Skivenes (2010) finn at når ein tolk er til stades kan det føre til at klienten ikkje ynskjer å dele all naudsyn informasjon i samtalane. Nokre av familiane er redd for brot på teieplikt frå tolken si side, og at informasjonen dei gir vert lekka til lokalsamfunnet, spesielt dersom tolken er frå same etniske samfunn

som dei sjølv. Det betyr at informasjon som er naudsyn for å vurdere barnets situasjon kanskje ikkje kjem fram til barnevernstenesta (Kriz og Skivenes, 2010). Dette kjem også fram hjå Sawrikar (2015). Ein forelder påpeikar at berre det å ha ein tredje person til stades kan fører til ei kjensle av svekka privatliv. Foreldra fryktar at ein tolk med same etnisitet skal bryte teieplikta. Nokre klientar kan seie nei til tolk fordi dei er redd for at det skal føre til at lokalsamfunnet skal få vite ting om deira familie (Sawrikar, 2015). Liknande funn er òg å sjå hjå Maiter et al. (2017). Her finn ein at somme klientar ikkje vil dele detaljar om familien dersom tolken har same bakgrunn som dei sjølv. Klienten kan finne det ubehageleg å risikere å møte tolken rundt omkring i lokalsamfunnet (Maiter, et al., 2017). Ein måte å løyse dette på kan vere å alltid nytte den same tolken med ein familie, når ein har funne nokon familien er trygg på. Ein sosialarbeidar poengterer at det ikkje alltid er lett å få tak i den same tolken, noko som kan fører til utfordringar når ein prøver å byggje tillit. Totalt sett indikerer resultata på at ein to-språkeleg sakshandsamar kan vere betre enn tolk, at ein ikkje-etnisk matcha tolk kan vere betre enn ein matcha tolk og at den same tolken kvar samtale er betre enn ein ny (Sawrikar, 2015).

5.2.4 Strukturelle utfordringar

5.2.4.1 Mangel på tolk

I Maiter et al. (2017) kjem det fram at det er spesielt vanskeleg å finne tolketenester for klientar frå små lokalsamfunn. Ofte er det ikkje tolk tilgjengeleg, og sosialarbeidarane har måtte finne andre løysingar som til dømes eit familiemedlem eller ein nabo (Maiter, et al., 2017). Like eins finn Sawrikar (2015) at det kan vere problematisk å få tak i tilgjengelege oppmøtetolkar med den dialekta klienten treng. Ulik dialekt kan vere ein språkbarriere, då det ikkje er sikkert klienten kan ei anna dialekt enn si eiga (Sawrikar, 2015). Vidare finn studien at telefontolk ikkje er optimalt då tolken ikkje kan sjå kroppsspråk og intensjonen bak det klienten seier. Ein sosialarbeidar fortel at telefontolk er praktisk då ein ikkje alltid får tak i oppmøtetolk med rett språk i tide, men poengterer at mange av familiare treng oppmøtetolk. Vidare formidlar ein sosialarbeidar at telefontolk er veldig upersonleg, og ein anna

sosialarbeidar at telefontolk kan opplevast som dårleg gjort ovanfor klienten, då tolken og klienten faktisk ikkje er i direkte kontakt (Sawrikar, 2015).

Sawrikar (2015) finn at det er viktig å ikkje nytte tolkar som kjenner familien frå før, då dette kan føre til ein interessekonflikt. Ein sosialarbeidar formidlar at ein nokre gonger bestiller ein tolk, så viser det seg at han/ho kjenner familien og ikkje kan tolke likevel. Ein treng større utval av tolk for at dette skal betre seg (Sawrikar, 2015).

5.2.5 Utfordringar kring sakshandsamingsprosessen

5.2.5.1 *Relasjonen mellom klient og sosialarbeidar*

I Maiter et al. (2017) kjem det fram at bruk av tolk kan vere ei hindring både for god kommunikasjon, og for utviklinga av ein god relasjon mellom klienten og sosialarbeidaren. Ved bruk av tolk får sosialarbeidaren sett det store bilete, men opplever at ein kan gå glipp av små nyansar. Det å ikkje få alle detaljane i kommunikasjonen kan føre til missforståingar. Tolken får eit breiare bilete av situasjonen til klienten enn det sosialarbeidaren får, grunna at tolken og klienten kan kommunisere på same språk. Dette kan føre til at nokre klientar utviklar ein betre relasjon til tolken enn sosialarbeidaren.

Nokre av informantane til Kriz og Skivenes (2010) finn at dersom ein er avhengig av tolk er det vanskelegare å arrangere eit møte, og difor vert det til at ein møtast og snakkast sjeldnare. Ein sosialarbeidar fortel at du kan ikkje berre ringe til mor eller far, alt må planleggast fyrst. Det er bekymringsverdig at klientane kan kjenne seg hindra frå å kontakte ein sosialarbeidar dersom dei treng det, grunna at dei må gjennom ein tolk dei kanskje ikkje veit korleis dei får tak i (Kriz & Skivenes, 2010).

5.2.5.2 *Rolleforvirring*

Maiter et al. (2017) finn at rolleforvirring kan oppstå når ein tolk er til stades og tolken tek på seg rolla som sosialarbeidar ved å instruere og gje råd. Ein sosialarbeidar fortel at for å unngå rolleforvirring må tolken vere klar over yrkesetikk, konfidensialitet, kulturell tilknytning, å vere objektiv, ikkje kommentere, ikkje gje råd til klienten o.l.. Rolleforvirring kan resultere i at tolken tek sida til klienten fordi dei

snakkar same språk og får ein slags relasjon dei i mellom. Ein sosialarbeidar formidlar at tolken må halde seg profesjonell i tolkesituasjonar. Dersom tolken ikkje gjer det kan det skje at han/ho prøver å framstille problema til ein familie som mindre enn det dei eigentleg er (Maiter, et al., 2017).

I Kriz og Skivenes (2010) kjem det fram at ei utfordring er at sosialarbeidaren ikkje veit kva tolken og foreldra seier. Sosialarbeidarar i studien formidlar at dei somme gonger kan sjå på kroppsspråket at det er eit samarbeid på gong mellom klienten og tolken. Difor stolar ikkje alltid sosialarbeidaren på tolken, og heller ikkje på informasjonen som kjem inn (Kriz & Skivenes, 2010).

5.2.5.3 Vurderingar gjort på ufullstendig informasjon

Nokre av informantane til Kriz og Skivenes (2010) finn at arbeid med tolk er tidskrevjande og kan ha negativ innverknad på vurderingane, samt føre til at slutningsprosessen tek lengre tid. Ein sosialarbeidar formidlar at det at ho og ei mor ikkje kunne snakke same språk førte til at vurderingane hennar i saka blei feil, då ho ikkje fekk eit fullstendig bilete av situasjonen gjennom samtalar med tolk. Sosialarbeidaren formidlar at det tok ho tre månadar å få viktige opplysingar i ei sak om ein gut som var plassert i fosterheim. Ei av desse opplysningane var det faktum at mora til guten faktisk ynskja guten sin tilbake. Sosialarbeidaren fortel at ho no har eit heilt anna bilete av mora og situasjonen. Vidare fortel ho at ho er redd forseinkinga i samlingsprosessen av informasjon har påverka guten si utvikling. Det første bilete sosialarbeidaren hadde, vart feil og ufullstendig grunna mangelfull informasjonen. Vidare kjende sosialarbeidaren eit tidspress frå leiinga for å få saken til retten, sjølv om ho ynskja å bruke meir tid på å samle informasjon (Kriz og Skivenes, 2010).

7.0 Diskusjon

Eg skal i dette kapittelet diskutere forskinga eg har funne opp mot dei teoretiske perspektiva eg har presentert, samt opp mot kunnskap frå barnevernsfeltet som vart lagt fram i kapittel 2.0.

7.1 Moglegheiter ved bruk av tolk

I denne delen skal eg diskutere dei sidene ved 5.1 *Moglegheiter ved bruk av tolk*, som eg finn særleg interessante.

7.1.1 Er tolking på sitt beste meir enn å halde tolkerolla rein?

I dette avsnittet skal eg diskutere om tolking på sitt beste er meir enn å halde tolkerolla rein. I uttrykket «å halde tolkerolla rein» legg eg oppfatninga av at tolken ikkje skal gjere anna enn å omsetje.

Som tidligare nemnd finn Maiter, et al. (2017) at tolken gjer det lettare å forstå kulturelle forskjellar og språk mellom sosialarbeidar og klient. Det vert poengtert at å nytte tolk som har den forståinga eller kjem frå same området som klienten, bidreg til å betre forstå både kvar klienten kjem frå og klienten sitt verdsperspektiv. Dersom vi ser på konstruksjonsmodellen (Ørvig, 2007) ser vi at alle dei tre deltakarane i samtalen (sosialarbeidar, klient og tolk) er presentert med si eigen sosiale og kulturelle bakgrunn (Ørvig, 2009). I høve funna til Maiter et al. (2017) kan det sjåast som eit positivt bidrag at tolken har med seg sin sosiale og kulturelle bakgrunn inn i samtalen. Maiter et al. (2017) finn at om tolken har same bakgrunn som klienten kan dette vere ein faktor som tryggjer klienten, samt gjer det lettare for klienten å samhandle med tolken og sosialarbeidaren. Tolken si hovudoppgåve i samtalen er å kode, dekode og rekode budskapet mellom sosialarbeidar og klient (Ørvig, 2009). Som vi ser kan tolken sin prosess med koding, dekoding og rekoding verte påverka av tolken si bakgrunn på ein slik måte at den er fremjande for samhandling og tryggleik i samtalen.

Ein sosialarbeidar i studien til Sawrikar (2015) formidlar at det er fint når ein tolk seier: «Familien forstår verkeleg ikkje kva du snakkar om, og dette ordet er ikkje kjent på vårt språk. Kan vi prøve eit anna ord?» (Mi omsetjing, Sawrikar, 2015, s. 401). Dersom vi ser på det dialogiske perspektivet ser vi korleis deltakarane er med å skape meining i kommunikasjonen (Kjelaas & Eide, 2015). Dette døme frå Sawrikar (2015) viser korleis tolken kjem med bidrag til tenkinga og formuleringa som føregår mellom dei tre deltakarane. Ytringane til deltakarane vert som ledd i ei kjede, der den eine bygger på den andre (Kjelaas & Eide, 2015). Tolken sine bidrag vert ein del av

denne kjeda, nokon som vert sett pris på av sosialarbeidaren i studien til Sawrikar (2015).

Sawrikar (2015) finn at gode tolkar kan forbetre kommunikasjonen ved å halde kontroll over samtalen, spesielt dersom det er mange til stades. Dette finn vi også i Wadensjö (1998) si beskriving av tolken sine oppgåve i ein samtale (Kjelaas & Eide, 2015). Wadensjö meiner tolken si oppgåve både er å tolke og koordinere samtalen. Tolken skal i tillegg til å tolke vere merksam på det nonverbale, fange opp når aktørane er ferdig å snakke og når dei er i ferd med å avslutte (Kjelaas & Eide, 2015). Vi ser at forskinga til Sawrikar (2015) støttar denne teorien, og at tolken sine ferdigheiter til å koordinere samtalen kan føre til forbetra kommunikasjon.

Som nemnd i teorikapitlet er det interessant å sjå på kontrasten mellom konstruksjonsmodellen og tolking i eit dialogisk perspektiv. Konstruksjonsmodellen har som mål å ha ei mest mogleg presis overføring av budskap (Ørvig, 2009). På den andre sida ser det dialogiske perspektivet kommunikasjon med tolk som samproduksjon av meining der både sosialarbeidar, klient og tolk bidreg aktivt (Kjelaas & Eide, 2015). Kan funna eg har presentert så langt i dette kapitlet vere eit døme på at konstruksjonsmodellen sitt mål om ei mest mogleg presis overføring av budskap frå A til B ikkje alltid er det optimale? I nokon høve er det kanskje heller ikkje mogleg, som i døme frå Sawrikar (2015) der manglande ord i språket førte til at foreldra ikkje forsto kva sosialarbeidaren prøvde å sei. Kan vi i dette høvet sjå det dialogiske perspektivet for tolking som hjelp for kommunikasjonen? Tolken bidrog til å skape meining i kommunikasjonen, ved å spørje om det var mogleg å byte til eit ord som fanst på foreldra sitt språk. I dette tilfelle var det kanskje det som gjorde at kommunikasjonen vart forståeleg for både klient og sosialarbeidar.

Dersom vi ser til kapitel 2.5 *Retningslinjer for god tolkeskikk*, ser vi at ein kortversjon av tolkereglane er presentert. I følge Jareg & Pettersen (2006) går det inn i § 7 «tolken skal ikke utføre andre oppgaver enn å tolke under tolkeoppdraget» at tolken ikkje på eige initiativ skal gjere partane merksam på at dei misforstår kvarandre, samt at tolken ikkje skal ha funksjon som kulturinformant eller kulturformidlar under tolkinga. Dette står i kontrast til dei funna eg har presentert både i dette delkapitlet og i 5.1 *Moglegheiter ved bruk av tolk*. Desse funna tyder på at tolken sine

ferdigheiter utanom rein omsetjing er hensiktsmessig for god kommunikasjon og flyt i samtalen. Kanskje vil ikkje desse fordelane tre fram dersom tolken berre innrettar seg etter gjeldande tolkereglar?

Vi ser at både Ørvig (2009) og Kjelaas & Eide (2015) nyttar teoretiske innfallsvinklar som set spørsmålsteikn ved om presis overføring av budskap mellom A og B er mogleg. Hjå Ørvig (2009) finn vi at alle dei tre aktørane sine kulturelle og sosiale bakgrunnar kan forstyrre at budskapet vert presist overført. Kjelaas og Eide (2015) legg til grunn dialogisme sin premiss om at meining vert til i mellomrommet mellom dei tre aktørane, slik at ein kan få til noko meir og betre enn presis overføring: Dialog. Mange av oss er nok vande med å tenkje at tolken skal halde seg til berre omsetjing, slik tolkereglane presiserer. Når vi ser funna eg har presentert i 5.1 *Moglegheiter ved bruk av tolk* i samanheng med dei teoretiske innfallsvinklane til Ørvig (2009) og Kjelaas & Eide (2015) kan vi undre oss om berre omsetjing alltid er mogleg. Utifrå funna i eg har presentert i dette kapittelet kan vi også undre oss over om tolking på sitt beste er når tolken bidreg med meir enn å omsetje?

7.2 Utfordringar ved bruk av tolk

7.2.1 Å halde tolkerolla rein – kan det hindre tolking på sitt verste?

Ei av dei store utfordringane forskinga eg har nytta viser, er at budskapet ikkje alltid vert tolka og vidareformulert slik partane ynskjer. Dette finn vi døme på hjå Maiter et al. (2017), Sawrikar (2015) og Kriz & Skivenes (2010). Sosialarbeidarar uroar seg over at dei opplever å stille lange spørsmål, men berre få eit kort svar, eller at klienten kjem med ein lang uttale og tolken berre seier eit par ord når han/ho tolkar det vidare. Hjå Sawrikar (2015) formidlar tre av foreldra i studien at unøyaktig omsetjing er noko dei opplever som utfordrande i kommunikasjonen. Dei fortel at dette kan føre til vanskar med å formidle komplekse kjensler. Dei komplekse kjenslene er heilt naudsynte at vert formidla til sosialarbeidarane slik at ein kan gjere nøyaktige vurderingar til det beste for familien. Kanskje kan det i slike høve, der kommunikasjonen ikkje fungerer optimalt, vere til det beste at tolken held seg til berre omsetjing? I situasjonar der kommunikasjonen vert unøyaktig, vil det kanskje vere hensiktsmessig at tolken strekk seg etter § 4: «Tolken skal tolke innholdet i alt som

sies, intet fortie, intet tillegge, intet endre» (Jareg & Pettersen, 2006, s. 34). I praksis inneber dette at tolken ikkje skal legge til informasjon eller endre budskapet. Tolken skal formidle alt partane seier, på den måten eller forma dei formidlar det (Jareg & Pettersen, 2006). Kan vi sjå § 4 i tolkereglane som eit døme på det sosialarbeidarane og foreldra i dei tre studiane ynskjer frå tolken, i dei tilfella dei kjenner at budskapsoverføringa vert feil? Kanskje er det i dei tilfella der partane opplever kommunikasjonen som svekka ved bruk av tolk, at tolkane bør halde seg til tolkereglane? Vi skal sjå på eit døme til kring dette.

Maiter et al. (2017) finn at rolleforvirring kan oppstå når ein tolk er til stades og tolken tek på seg rolla som sosialarbeidar ved å instruere og gje råd. Rolleforvirring kan resultere i at tolken tek sida til klienten grunna at dei snakka same språk og får ein slags relasjon dei i mellom. Sosialarbeidarane formidlar at tolken må halde seg profesjonell i tolkesituasjonar, og når tolken ikkje gjer det kan det skje at han/ho prøver å minimere problema i ein familie (Maiter, et al., 2017). I konstruksjonsmodellen ser vi at deltakarane har med seg sin kulturelle og sosiale bakgrunn inn i ei samtale. Kan døme frå studien til Maiter et al. (2017) vere eit resultat av at tolken let sin kulturelle og sosiale bakgrunn spele for mykje inn i samtalen? Får tolken ein relasjon til klienten grunna at dei kan kjenne seg att i kvarandre sin bakgrunn? Dette vert berre spekuleringar, men kanskje vil det òg i dette tilfelle vere hensiktsmessig at tolken held seg til tolkereglane. Lat oss sjå på § 7 : «tolken skal ikke utføre andre oppgaver enn å tolke under tolkeoppdraget» (Jareg & Pettersen, 2006, s. 37). Kan det tenkast at utfordringa kring rolleforvirring vert mindre, dersom tolken strekk seg etter denne paragrafen i tolkereglane? Kanskje vil då utfordringane kring at tolken tek rolla som sosialarbeidar ved å instruere og gje råd verte vekke.

Kanskje er det ikkje alltid mogleg at tolken bidreg til noko meir og betre enn berre omsetjing slik som eg viser til i 7.1 *Moglegheiter ved bruk av tolk*. Kan det tenkast at det i slike høve er betre at tolken berre held seg til omsetjing, slik at ein kan unngå utfordringar som er presentert i dette delkapitelet?

7.2.2 Konteksten utanfor samtalerommet – kva utfordringar skapar dei strukturelle rammene?

I kontrast til det vi ser i 7.1 *Moglegheiter ved bruk av tolk*, ser vi at både Kriz og Skivenes (2010), Sawrikar (2015) og Maiter (2017) finn at nokre klientar kan oppleve det som ubehageleg at tolken har same bakgrunn som dei sjølv. Dette er ikkje grunna at tolken kan nytte denne typen forståing i samtalen, men fordi klienten er redd for brot på teieplikt frå tolken si side. Klienten ynskjer ikkje at nokon frå deira lokalsamfunn skal få privat informasjon om deira familie (Sawrikar, 2015). Som presentert tidlegare kan det då vere betre med ein ikkje-etnisk matcha tolk, eller å bruke den same tolken kvar samtalen når ein har funne nokon familien er trygg på (Sawrikar, 2015). Dette kan vere utfordrande dersom tolken ikkje er tilgjengeleg. I Maiter et al. (2017) kjem det fram at det er spesielt vanskeleg å finne tolketenester for klientar frå små lokalsamfunn. Liknande finn Sawrikar (2015) at å få tak i tolk med rett dialekt til klienten kan vere utfordrande. Sawrikar (2015) poengterer at ein treng større utval av tolk for at det skal verte lettare å få tak i tolk som passar til familien.

Som vi såg innleiingsvis i oppgåva finst det føringar i statistikken på at behovet for tolk i barnevernstenesta er vorte større dei siste tolv åra. Det aukande behovet for tolk i alle sektorar, gjer at mange private aktørar har etablert seg på markanden for å fylle eit behov for tolketenester (Berg, et al. 2018). At dette behovet vert fylt er heilt naudsynt ettersom mange instansar er avhengige av å kunne nytte tolk i sitt daglege arbeid. Barnevernstenesta er ein av desse instansane. Likevel kan auken av private aktørar på tolkemarkanden føre med seg nokre utfordringar.

Som vi såg i 2.6 *Marknad for tolketenester i Noreg*, nyttar dei kommunale barnevernstenestene i stor grad private aktørar for sine tolketenester. Desse aktørane har høg prosent av ufaglærte tolkar i sine oppdrag, noko som kan vere lite hensiktsmessig i komplekse saker som barnevern (IMDi, 2019). Som vi såg i 2.3 *Lovverk*, er det fleire tolkefirma som verken har krav til, eller oppgir kva kvalifikasjonar tolkane i firmaet har (Berg, et al., 2018). Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har gjennom testing av tolkar avdekket at over 60% som har tolkeerfaring frå offentleg sektor har eit så svakt ordforråd at dei ikkje kan ha føresetnadar til å klare tolkeoppgåva (NOU, 2014:8). Dette er skremmande, og stil store spørsmålsteikn ved om rettstryggleiken til minoritetsspråkelege vert ivaretatt.

Ettersom prosenten av tolkar utan ordforråd til å klare tolkeoppgåva er så høg, er det viktig at ein sjekkar kva kvalifikasjonar tolken ein bestiller har, og at ein på arbeidsplassen har gode rutinar på dette. Difor er det oppsiktsvekkande at berre 1 av 10 i barnevernet har rutinar for å sjekke tolken sine kvalifikasjonar (NOU, 2014:8). Manglande rutinar, regulering i tolkefeltet og krav for kvalifikasjonar kan på denne måten vere med å skape hindringar i kommunikasjonen mellom klient og sosialarbeidar. Kommunikasjon er essensielt i barnevernsarbeid, bør ein ikkje då eliminere faktorar som kan innverke negativt?

7.2.3 Er sosialarbeidarar bevisst den makta som ligg i avgjersler kring tolkebruk?

Som nemnd innleiingsvis i denne oppgåva er det ingen annan offentleg etat som kan gripe så sterkt inn i den private familiesfæren som barnevernet (IMDi, 2008). Difor er det svært viktig at vurderingane som vert gjort, byggjer på eit utfyllande og riktig grunnlag. Dette for å ivareta rettstryggleiken til klienten. Som vi såg i 7.2.2. *Konteksten utanfor samtalerommet – kva utfordringar skapar dei strukturelle rammene?* finn vi ein del faktorar som kan tyde på at kommunikasjonen mellom sosialarbeidar og minoritetsspråkelege klientar kan verte feilaktig eller mangelfull, grunna forhold kring tolken og manglande kvalifikasjonar. Kva kan skje når informasjonen vi har fått inn, og byggjer våre vurderingar på ikkje er slik foreldra har framstilt den eller slik dei faktisk opplever det? Døme på det vart presentert i 5.2.3.5 *vurderingar gjort på ufullstendig grunnlag* der Kriz og Skivenes (2010) i sin studie finn at ein sosialarbeidar opplevde å ta feil vurdering i ei sak, grunna at ho fekk eit ufullstendig bilete av situasjonen gjennom samtalar med tolk. Dette viser at utfordringar kring språk og tolking kan føre til ufullstendig informasjon, som igjen kan føre til slutningar som berre delvis byggjer på fakta. Kriz og Skivenes (2010) hevdar at dersom det er slik, kan det bety at minoritetsspråkelege familiar får forskjellig (og potensielt mindre rettferdig) behandling frå majoriteten.

Skau (2013) formidlar at profesjonelle må erkjenne maktaspektet i deira yrkesrolle, slik at dei forstår korleis dette vil påverke relasjonen mellom dei sjølv og deira klientar. Som sosialarbeidar i barnevernstenesta er dette noko ein verkeleg må ta stilling til. Dersom du som sosialarbeidar jobbar med ein minoritetsspråkeleg familie, må du vere bevisst makta som ligg i det faktum at denne familien ikkje forstår eller beherskar norsk. Det er barnevernstenesta sin jobb å leggje til rette for at klienten

ikkje vert utsett for maktmisbruk som følgje av språkforskjellar. Både utfordringane kring kvaliteten på tolken og å setje av nok tid til samtalar i saker der ein nyttar tolk, er sosialarbeidaren og barnevernstenesta sitt ansvar. Det er barnevernstenesta som bestiller tolk, og difor deira ansvar å kjøpe tenester som er forsvarlege å bruke i samhandling med sine klientar. Ein må også leggje til rette for at sakshandsaming med klientar som er avhengig av tolk kan ta lengre tid enn med klientar utan tolk, grunna at all informasjon skal gjennom ein tredjepart. Difor må ein setje av tid til dette, slik at ein ikkje tek vurderingar på ufullstendig grunnlag slik som i døme frå Kriz og Skivenes (2010).

Nokre sosialarbeidarar i Sawrikar (2015) sin studie formidlar at dei har utfordringar kring tidsbruk når dei nyttar tolk. Ein sosialarbeidar i studien fortel at ho trur dei nyttar tolk i mindre grad enn dei bør, grunna utfordringane i høve tidsbruk. Det å ta frå klientane moglegheita til å få uttrykkje seg på deira fyrstespråk kan sjåast som ei unaudsynt maktutøving. Ulvestad og Kaerki (2012) hevdar at «Språket er ikke bare et viktig middel for kontakt mennesker i mellom, men er selve grunnlaget for maktforhold i sosiale relasjoner» (Skau, 2013, s. 54). Når sosialarbeidaren kommuniserer på sitt fyrstespråk og dei minoritetsspråkelege foreldra må kommunisere på eit språk dei ikkje fullt ut beherskar, kan dette føre til at maktforholdet i deira relasjon aukar. Dette er eit døme på maktutøving som kan føre til store vanskar for klientane i høve å få uttale seg. I forvaltingslova § 17 *forvaltningsorganets utrednings- og informasjonsplikt* kjem det fram at offentlege tenesteutøvarar og fagpersonar har plikt til å informere, rettleie og høyre partane før det fattast vedtak i ei sak (forvaltningsloven, 1967, § 17) Dersom ikkje klientane får kommunisere på eit språk dei beherskar, kan det diskutereast i kva grad plikta om å informere, rettleie og høyre partane eigentleg vert oppfylt.

8.0 Konklusjon

I denne oppgåva har eg ynskja å finne kva moglegheiter og utfordringar som ligg i bruk av tolk mellom tilsette i barnevernet og minoritetsspråkelege foreldre. Resultatdelen av oppgåva presenterer den forskinga eg har nytta, og som eg meiner svarer på mi problemstilling. Vidare har eg brukt kommunikasjonsteori, teori om makt i sosialt arbeid og kunnskap kring tolkefeltet til å diskutere dei sidene ved resultatata

som eg tykkjer er særleg interessante. Denne diskusjonen har leda både til funn som kan vere hensiktsmessig å tenkje over i det vidare arbeidet med tolk i barnevernet, samt nokre anbefalingar til vegen vidare.

Funna eg har presentert i denne oppgåva kan tyde på at det er avhengig av både tolken, og den enkelte samtale kor godt det fungerer når tolken gjer meir enn berre å omsetje. I nokre høve kan det tyde på at tolken gjer kommunikasjonen betre ved å gjere meir enn berre omsetjing. Dette ved å sørge for at alle ord vert forstått, helde kontroll på samtalen og å bruke sin kulturelle og sosiale bakgrunn til å tryggje klienten. Kanskje bidreg det i slike tilfelle til at sosialarbeidarane får informasjon dei ikkje elles ville fått? På den andre sida kan det at tolken bidreg til meir enn berre omsetjing verke å slå negativt ut. Dette ved rolleforvirring og relasjonsbygging mellom tolk og klient på ein måte som ikkje er hensiktsmessig for arbeidet. Det kan nok vere mange faktorar som spelar inn i høve kva retning det går når tolken bidreg til meir enn berre omsetjing. Kanskje er det avhengig både av kva type samtale det er, kva bakgrunn aktørane i samtalen har, om ein nyttar oppmøtetolk eller telefontolk og kva kvalifikasjonar tolken har. Kvar enkelt tolkebrukar må vurdere om tolking med meir enn berre omsetjing kan vere hensiktsmessig i deira saker, eller om det bør latast vere. Det er likevel interessante funn å ta med seg, og å tenkje over i det vidare arbeidet med bruk av tolk.

Etter å ha skrive denne oppgåva sit eg att med ei klar anbefaling i høve bruk av tolk. Etter å ha sett kor stor innverknad det kan ha på kommunikasjonen å nytte tolk som ikkje overfører budskapet mellom dei to aktørane på ein hensiktsmessig måte, vil eg anbefale å sjekke tolken sine kvalifikasjonar på førehand av ei samtale. Dersom ein nyttar private tolkeformidlarar, kan det tenkast at det vert utfordrande å få tak i kvalifiserte tolkar. Dersom ein då må nytte ukvalifiserte tolkar vil eg anbefale å ha gode rutinar på arbeidsplassen i høve bestilling av tolk. Til dømes kan dette vere å ha ein oversikt over kva tenester ein har vore nøgd med og kan anbefale dei andre tilsette å nytte.

Som vi såg innleiingsvis er ikkje bruk av tolk regulert av ei eiga lov per i dag. Etter arbeid med denne oppgåva, ser eg behov for ei slik lovregulering for å sikre klienten sin rettstryggleik. At 60% med tolkeerfaring frå offentleg sektor har eit så svakt

ordforråd at dei ikkje har føresetnadar for å klare tolkeoppgåva (NOU, 2014:8), kan sjåast som både uforsvarleg og uetisk. I sensitive og komplekse saker som barnevern, kan dette potensielt vere skadeleg for dei involverte. Utarbeiding av lovregulering for tolkefeltet er satt i verk (IMDi, 2018), og ein kan håpa at ei tolkelov kan vere med å minimere nokre av dei strukturelle utfordringane kring tolkebruk som er presentert i denne oppgåva.

9.0 Litteraturliste

Berg, B., Caspersen, J., Garvik, M., Paulsen, V., & Svendsen, S. (2018) *Bruk av tolk i barnevernsinstutisjoner og omsorgssentre for enslige mindreårige*. Henta frå:

https://samforsk.no/Publikasjoner/2018/Bruk%20av%20tolk_web_ok.pdf

Chand, A. (2005). Do you speak English? Language barriers in child protection social work with minority ethnic families. *British Journal of Social Work*, 35(6), 807-821.

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (5. utg. ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.

Forvaltningsloven. (1967). Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (LOV-1967-02-10) Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10>

Fylkesnes, M., & Netland, M. (2012). God praksis i møte med etniske minoritetsfamilier i barnevernet ; saksbehandleres og foreldres erfaringer. *Tidsskriftet Norges Barnevern*, 89(4), 220-235.

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. 2008. *Bruk av tolk i barnevernet*. Henta frå:

<https://www.imdi.no/contentassets/6d10fa98ef844db8a90f02109ecaf43e/bruk-av-tolk-i-barnevernet.pdf>

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. 2018. *Hva sier loven om bruk av tolk*. Henta frå:

<https://www.imdi.no/tolk/hva-sier-loven-om-bruk-av-tolk/>

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. 2019. *Kartlegging av anskaffelser av tolketjenester*. Henta frå:

<https://www.imdi.no/contentassets/1d1f177882424a44a4ccd1acd0624920/kartlegging-av-anskaffelser-av-tolketjenester.pdf>

Jareg, K., & Pettersen, Z. (2006). *Tolk og tolkebruker : To sider av samme sak*(Vol. Nr 1/2006, NAKMIs skriftserie om minoriteter og helse (trykt utg.)). Bergen: Fagbokforlaget.

Kjelaas, I., & Eide, K. (2015). Barnets stemme i tolkemedierte samtaler. *Tidsskriftet Norges Barnevern*, 92(02), 109-122.

Kriz, K., & Skivenes, M. (2010). Lost in translation: How child welfare workers in Norway and England experience language difficulties when working with minority ethnic families. *British Journal of Social Work*, 40(5), 1353-1367.

Maiter, S., Alaggia, R., Chan, A., & Leslie, B. (2017). Trial and error: Attending to language barriers in child welfare service provision from the perspective of frontline workers: Language barriers in child welfare services. *Child & Family Social Work*, 22(1), 165-174.

NOU 2010:7 (2010) *Mangfold og mestring*. Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/NOU-2010-7/id606151/>

NOU 2014:8 (2014) *Talking i offentlig sektor*. Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/a47e34bc4d7344a18192e28ce8b95b7b/no/pdfs/nou201420140008000dddpdfs.pdf>

Sawrikar, P. (2015). How effective do families of non-English-speaking background (NESB) and child protection caseworkers in Australia see the use of interpreters? A qualitative study to help inform good practice principles: Using interpreters in child protection matters. *Child & Family Social Work*, 20(4), 396-406.

Schiefloe, P. (2011). *Mennesker og samfunn : Innføring i sosiologisk forståelse* (2. utg. ed.). Bergen: Fagbokforl.

Skau, G. (2013). *Mellom makt og hjelp : Om det flertydige forholdet mellom klient og hjelper* (4. utg. ed.). Oslo: Universitetsforl.

Statistisk sentralbyrå. (2019, 3. Juli, a). Barnevern. Henta frå:

<https://www.ssb.no/statbank/table/11298/>

Statistisk sentralbyrå. (2019, 3. Juli, b). Barnevern. Henta frå:

<https://www.ssb.no/statbank/table/11296/>

Statistisk sentralbyrå. (2020, 27. Februar). Innvandrere og norskfødte med innvandrere foreldre. Henta frå: <https://www.ssb.no/statbank/table/10516/>

Støren, I. (2013). *Bare søk! : Praktisk veiledning i å gjennomføre litteraturstudie*(2. utg. ed.). Oslo: Cappelen Damm.

Ørving, K. (2007). Tolken som redskap eller kulturinformant. *Et samhandlingsstudie av tolkede klientsamtaler i sosialtjensten.*[*The Interpreter as Tool or Cultur Informant? A Interactional Study of Interpreted Client Conversations in the Social Services.*

Ørving, K. (2009). Lost in translation i møte med det offentlige. *Sosiologisk tidsskrift*, 17(04), 333-351.

10.0 Figurliste

Figur 1: Konstruksjonsmodellen. Ørvig. (2007). Henta frå

<https://munin.uit.no/bitstream/handle/10037/1229/thesis.pdf?sequence=1&isAllowed=>

[y](#)



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgåve

BSV5-300 Bacheloroppgåve

Predefinert informasjon

| | | | |
|-----------------------|----------------------------|------------------------|----------------------------|
| Startdato: | 13-05-2020 13:17 | Termin: | 2020 VÅR |
| Slutt dato: | 20-05-2020 14:00 | Vurderingsform: | Norsk 6-trinns skala (A-F) |
| Eksamensform: | Bacheloroppgåve | Studiepoeng: | 15 |
| SIS-kode: | 203 BSV5-300 1 BO 2020 VÅR | | |
| Intern sensor: | Merete Tunestveit | | |

Deltaker

| | |
|---------------------|-----------------------|
| Navn: | Tiril Furre Eilertsen |
| Kandidatnr.: | 348 |
| HVL-id: | 161522@hvl.no |

Informasjon fra deltaker

| | | | |
|-------------------------|-------|-------------------------------|-----|
| Antall ord *: | 10887 | Inneholder besvarelsen | Nei |
| Egenerklæring *: | Ja | konfidentielt | |
| | | materiale?: | |

Jeg bekrefter at jeg har ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei